



NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrets



GODE I HOP

HANDLINGSPLAN

2016-2020

Idretten i Sogn og Fjordane

Rullert april 2018

Bilde framside: Cathrine Dokken

HANDLINGSPLAN 2016-2020

Denne felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemane. Desse dokumenta ligg til grunn for planarbeidet:

- Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD)
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Lov for Sogn og Fjordane idrettskrins

«Gode i hop»

Visjonen «**Gode i hop**» skal prege idretten i Sogn og Fjordane. Den skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket. Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemane og spreie idrettsglede.

Føremål og idé

Idrettsorganisasjonane skal:

- vere ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- arbeide for å fremje trivsel og helse, vere allsidig og inkluderande, og gi rom for idrettsleg utvikling i tråd med egne ambisjonar.
- ta vare på og styrke den frivillige innsatsen på alle nivå i idrettsarbeidet.
- legge til rette for god idrettsleg aktivitet både for topp og breidde.

Idrettsglede for alle

Visjonen «idrettsglede for alle» skal prege organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken. Alle skal få utøve idrett ut frå sine ønskjer og behov.

Idretten sitt verdigrunnlag

Norsk idrett har åtte grunnverdiar som skal ligge til grunn for idrettsorganisasjonane sitt arbeid.



Prioriteringar

Saman skal vi særleg arbeide for:

- Gode rammevilkår for idretten i fylket.
- Utvikle organisasjonskompetansen til idrettslaga.
- Fleire unge vel å vere aktive og får utvikle seg innanfor idrettslaga, som utøvar, trenar eller leiar.
- Styrke og utvikle idrettsråda.



Foto: Eirik Førde

AKTIVITETSMÅL

Idrettsarbeidet må vere bygd opp rundt desse kjerneprosessane for å levere aktivitetstilbod til medlemmane i tråd med føremålet:



Barneidrett

Mål: Idrettslaga har eit ope tilbod for barn som gir høve til eit variert og allsidig aktivitetstilbod i trygge og stimulerande oppvekstmiljø.

Delmål:

- alle trenarar og leiarar som har oppgåve med barneidrett, bør ha gjennomført e-læringsmodulen «Barneidrettens verdigrunnlag» som minstekrav til kompetanse
- idrettsskulen har trenarar der minimum ein har gjennomført Aktivitetsleiarkurs barneidrett
- alle idrettslag med barneidrett skal ha ein ansvarleg for barneidretten oppnemnt av styret
- barneidrettsansvarleg saman med styret i idrettslaget følgjer opp ansvaret for barneidretten:
 - informasjon/skulering av leiarar, trenarar og foreldre/føresette om verdigrunnlaget i barneidretten «Idrettens barnerettigheter. Bestemmelser om barneidrett»
 - samhandling om idrettstilboda på tvers av særgruppene (fleiridrettslag)
- særkrinsane/regionane samarbeider på tvers og legg til rette sesong- og konkurransetilboda slik at barna kan vere allsidige
- aktivitetstilboda er lagt til rette for barna med høve til valfridom og utan økonomiske hindringar for foreldre/føresette
- idrettsskulen er prioritert av alle for å gi barn eit breitt og allsidig rørslegrunnlag og vere ein rekrutteringsarena blant foreldre/føresette inn i idrettslaga

Ungdomsidrett

Mål: Idrettslaga og særkrinsane/regionane kjem i møte ungdom som vil ha eit variert og inkluderande idrettstilbod, der dei møter vener, har det kjekt og blir så gode som dei sjølv vil.

Delmål:

- retningslinjene for ungdomsidrett er kjent og blir følgt opp av alle organisasjonsledd (idrettskrins, særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag), både av trenarar, leiarar og foreldre/føresette
- samhandling om idrettstilboda på tvers av særgruppene i idrettslaga
- utøvarane er i eit idrettsmiljø prega av utviklings- og meistringsorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar for utvikling av unge utøvarar
- alle ledd legg vekt på å stimulere til ungt leiarskap der ungdom har medansvar, blir høyrte og har reell påverknad i eige idrettsmiljø, som til dømes:
 - styreverv, ungdomsrepresentant
 - ungdomsutval
 - ungdomens idrettsråd
- alle organisasjonsledd arbeider planmessig for å sikre at fleire ungdomar blir lengre i organisert idrett
- særkrinsane/regionane samarbeider på tvers og legg til rette sesong- og konkurransetilboda slik at utøvarane kan vere allsidige
- sikre at ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar og for spissa idrettstilbod i vgs. blir vidareført, er kvalitetssikra og har god rekruttering



Vaksenidrett

Mål: Fleire voksne vel å vere aktive innanfor idrettslaga.

Delmål:

- idrettskrins og særkrinsar/regionar informere om og deler gode aktivitetskonsept for lokalt treningsfellesskap, og stimulere idrettslag til å sette i gong aktivitetskonsept
- idrettslaga og særkrinsane/regionane stimulerer til kompetanseutvikling, læring og samarbeid

Paraidrett

Mål: Fleire personar med funksjonsnedsetting får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Delmål:

- koordinere årlege arenaer der det blir lagt til rette for informasjon om og utprøving av idrettar og aktivitetshjelpemidlar i samarbeid mellom idrettskrinsen, SF/særiddrettar, idrettsråd, idrettslag, NAV hjelpemiddelsentral, Høgskulen på Vestlandet, fysio- og ergoterapeutar, fagpersonar i kommune og fylkeskommune
- alle organisasjonsledd informerer om og synleggjer kurs, tiltak, arrangement o.l. på paraidrett, og idrettskrinsen informerer om paraidrett på aktuelle arenaer
- kompetanseheving og utvikling av tilbod i idrettslaga ved å gjennomføre årlege kurs i samarbeid mellom idrettskrinsen, NIF og aktuelle særiddrettar
- styrke eksisterande miljø og starte opp nye tilbod i idrettslag i samarbeid med SF/særiddrettar og relevante personar i kommune, NAV hjelpemiddelsentral mfl.



Foto: Norges idrettsforbund

ORGANISASJONSMÅL

Den frivillige innsatsen

Mål: Idrettslaga er godt rusta til å møte framtida der idrettsråd, særkrinsar/regionar og idrettskrinsen utgjer gode støttefunksjonar for lokalidretten, og det frivillige arbeidet i idretten er halde ved lag og styrka.

Delmål:

- idrettskrinsen arrangerer i samarbeid med særkrinsar/regionar ein årleg møteplass for idretten i fylket for å motivere og oppdatere tillitsvalte og frivillige på tverridrettslege tema
- organisasjonsledda arbeider planmessig for å gjere det meir attraktivt å ta oppgåver og styreverv

Idrettslaga:

- idrettskrinsen, særkrinsane/regionane og idrettsråda arbeider for å gjere den administrative kvardagen enklare for idrettslaga
- idrettslaga har elektronisk medlemsregister
- idrettslaga har gode rutinar for ansvarleg økonomistyring
- idrettskrinsen og særkrinsane/regionane legg vekt på å stimulere det frivillige arbeidet i idrettslaga, t.d. gjennom klubbbesøk og på andre møtearenaer med idrettslag og særgrupper

Idrettsråda:

- alle idrettsråd har forhandla fram samarbeidsavtale med kommunen
- det blir arrangert årlege fellessamlingar for styra i idrettsråda
- alle kommunar, der tal idrettslag gir grunnlag for det, skal ha eit velfungerande idrettsråd med eit godt og funksjonelt styre
- idrettsråda arbeider aktivt opp mot kommunen for å styrke rammevilkåra for lokalidretten
- idrettskrinsen rådgjev og rettleier idrettsråda i prosessane med kommune-samanslåing, og oppmodar dei til å dele erfaringar med kvarandre

Kompetanseutvikling

Mål: Medlemsorganisasjonane har ein framtidretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit planmessig utdannings- og utviklingsarbeid.

Delmål:

- idrettskrinsen er fagleg støttespelar for organisasjonsledda på spesialområde

Idrettslaga:

- idrettskrinsen følgjer opp og leverer kompetanse til idrettslagsstyra på styreansvar, organisasjons- og planarbeid
- idrettskrinsen gjennomfører klubb utvikling i idrettslaga med tilbod om klubbbesøk, planprosessar og styrekurs
- idrettskrinsen samarbeider med SF/særkrinsar/regionar om oppfølging av idrettslag/særidrettsgrupper, m.a. på klubb utvikling
- idrettslaga arbeider for at alle treningstilbod leiast av personar med nødvendig kompetanse i høve oppgåvene dei skal utføre, og forståing for idretten sitt verdigrunnlag
- særiddrettar og idrettslag set minstekrav til trenar- og leiarkompetanse

Idrettsråda:

- idrettskrinsen skulerer idrettsråda i godt organisasjonsarbeid og strategisk arbeid for å sikre lokalidretten gode rammevilkår i kommunane
- idrettskrinsen tilfører idrettsråda kompetanse til å ta i vare idretten sine interesser i prosessane med kommunesamanslåing

Helse, sikkerheit, antidoping

Mål: Ein trygg, ærleg og dopingfri idrett.

Delmål:

- alle organisasjonsledd er tydeleg i si haldning mot doping og gjennomfører førebyggingsprogrammet «Rent idrettslag»
- idrettslaga og særkrinsane/regionane oppmodar alle utøvarar til å gjennomføre opplæringsprogrammet «Ren utøver»
- idrettskrinsen, i samarbeid med Antidoping Norge, tilbyr organisasjonsledda informasjon om antidopingarbeid
- alle organisasjonsledd arbeider med å førebygge seksuell trakassering og overgrep i idretten
- alle organisasjonsledd arbeider aktivt for å sikre trafikktryggleiken for alle under reiser og utøving av idrettsaktivitet
- alle organisasjonsledd arbeider for å auka kunnskapen om skadeførebygging, spesielt i høve til barn og ungdom

RAMMEVILKÅR

Idrettsanlegg

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og legg til rette for å ta i vare mangfaldet av idrettstilbod i fylket.

Delmål:

- sikre ei god, samordna planlegging av nye anlegg og samarbeid om kombinert bruk av anlegga
- ha fokus på drift, vedlikehald og god utnyttingsgrad av eksisterande idrettsanlegg
- sikre god involvering og deltaking frå idretten i kommunale planprosessar og oppfølging av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019»

Finansiering

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane har gode og pårekelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

Delmål:

- arbeide med å sikre større årlege fylkeskommunale løyvingar til drift og aktivitet
- arbeide for å sikre nødvendig basisfinansiering av idrettskrinsen si drift frå Norges idrettsforbund
- idrettskrinsen vidarefører arbeidet med å styrke basisøkonomien i idretten
- arbeide for gratis tilgang til offentlege anlegg for barn og ungdom opp til 19 år

Politisk påverknad

Mål: Idrettsorganisasjonane i fylket opptretr samla og brukar organisasjonen si politiske tyngde for styrke idretten sine økonomiske rammevilkår.

Delmål:

- alle organisasjonsledd står fram kompetent, truverdige og uavhengige i sitt møte med politikarar og offentlege styresmakter
- synleggjere og dokumentere idretten sin eigenverdi, samfunnsverdi og nytteverdi som aktør i førebyggjande helsearbeid
- idretten er aktiv på ulike politiske arenaer som t.d. møte med dei politiske partia og politikardagar på fylkestinget



IDRETT – SAMFUNN – SAMHANDLING

Idretten sitt samfunnsbidrag

Mål: Idretten i fylket er ein aktiv samfunnsaktør som deltek med sin kompetanse og er samarbeidspart med andre organisasjonar, offentlege instansar, arbeidsliv og friluftsliv.

Delmål:

- idretten i Sogn og Fjordane er ein samfunnsaktør som tek omsyn til natur, klima og miljø
- idretten i fylket må oppnå aksept for sin kompetanse og dagleg tilretteleggjar av fysisk aktivitet for helse og trivsel
- idrettskrinsen samarbeider med vgs. idrettsfag i fylket om gjennomføring av Aktivitetsleiarkurs barneidrett for elevar

Idretten som inkluderingsarena

Mål: Deltakinga i idrettslaga sine aktivitetstilbod skal spegle mangfaldet i samfunnet.

- idrettslaga inviterer aktivt innflyttarar til sine aktivitetstilbod og sitt fellesskap
- idrettslaga praktiserer nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, livssyn, seksuell orientering og funksjonsnedsetting
- idretten i fylket arbeider for å rekruttere fleire medlemmar med minoritetsbakgrunn til idrettslaga som utøvarar, trenarar og leiarar

Samhandling med offentlege aktørar

Mål: Gode samarbeidsrelasjonar mellom idretten og offentlege aktørar med ansvar for idrett og fysisk aktivitet.

Delmål:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- kontinuitet i samhandlinga om tiltak med felles mål og felles målgrupper
- følgje opp og oppdatere utviklingsavtale mellom idretten og fylkeskommunen
- følgje opp handlingsprogram og forpliktande mål for idrettsorganisasjonane i:
 - Regional plan for folkehelse 2015-2025
 - Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- vidareføre prosjektet «Ein god idrettskommune»
- sikre ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar og for spissa idrettstilbod i vgs. som varige tilbod

Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Olympiatoppen Vest:


- sikre god samhandling for å tilføre det beste av idrettsfagleg kompetanse til idrettsmiljø i fylket
- koordinere ordninga «Toppidrettsstudent» mellom HVL og idretten

Tverridrettsleg samhandling på regional og lokalt nivå

Mål: Idretten i fylket er kjenneteikna av fagleg og organisatorisk samarbeid og erfaringsutveksling på alle nivå i samsvar med den norske idrettsmodellen.

Delmål:

- leiarar, trenarar og utøvarar deltek på møteplassar for tverridrettsleg og tverrfagleg kunnskapsutvikling og erfaringsformidling som blir lagt til rette for særiddrettane og idrettslaga
- idrettskrinsen arrangerer i samarbeid med særkrinsar/regionar ein årleg møteplass for idretten i fylket for å motivere og oppdatere på tverridrettslege tema
- særiddrettane samhandlar på tvers både på fylkes- og lokalt nivå (fleiridrettslag) for å legge til rette trenings-, sesong- og konkurransetilboda slik at utøvarane kan ha valfridom og vere allsidige
- styrke idrettsråda si rolle ovanfor kommunane



SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

besøksadresse Firdavegen 6, Concordbygget 3.etasje, 6800 Førde

postadresse Postboks 221, 6802 Førde

e-post sognogfjordane@idrettsforbundet.no | **tlf.** 57 76 12 10

www.idrettsforbundet.no/sognogfjordane | **facebook.com/idrettskrinsen**